

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|----------------|----------------|------------|
| Rita Ludvigsen | FA-B09, TI-&35 | 18/410 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 009/2019 | Formannskapet | PS | 11.02.2019 |
| 018/2019 | Formannskapet | PS | 13.03.2019 |
| 015/2019 | Kommunestyret | PS | 25.03.2019 |

Samanslåing av ungdomsskular

Vedlegg:

Journalposttittel

| Journalposttittel | Dato |
|--|------------|
| Høyringsuttale - Kamilla Birkeland | 05.10.2018 |
| Høyringsuttale - Masfjorden Venstre | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale skulesamanslåing | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Maria Bertine Sleire Tistel | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Masfjorden Arbeidarparti | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Berit Lygre | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Elevrådet v/ Sandnes skule | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Elevrådet v/ Nordbygda skule | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Fagforbundet Matre skule | 01.10.2018 |
| Uttale til høyring av Samanslåing av ungdomsskular | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - Indre Masfjorden barnehage | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale (L)(84547) | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - FAU v/ Sandnes barnehage | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - Fagforbundet Masfjorden | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Nordbygda skule v/ rektor | 28.09.2018 |
| Høyringsuttale - Samarbeidsutvalet v/Sandnes skule | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - Solveig Grimslund | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - FAU v/ Sandnes skule | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - FAU v/ Sandnes skule | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - Utdanningsforbundet Masfjorden | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - FAU v/ Matre skule | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale | 01.10.2018 |

| | |
|---|------------|
| Høyringsuttale - FAU v/Nordbygda skule | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - Pedagogisk personale v/Matre skule | 01.10.2018 |
| Uttale | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale - Elevrådet v/Matre skule | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale | 01.10.2018 |
| Høyringsuttale -Terje Rasdal | 28.09.2018 |
| Høyringsuttale - Masfjorden kulturskule | 27.09.2018 |
| Høyringsinnspel vedkomande skulestruktur i Masfjorden kommune | 27.09.2018 |
| Høyringsuttale - Foreldrerådet, Indre Masfjorden barnehage | 27.09.2018 |
| resultset_91_545_vedlegg1.docx | 27.09.2018 |
| Høyringsuttale- Hilde Haaheim | 27.09.2018 |
| Høyringsuttale - Kvinge helselag | 26.09.2018 |
| Uttale om samanslåing av ungdomsskular i Masfjorden | 26.09.2018 |
| Høyringsuttale - Jon Hope | 27.09.2018 |
| Høyring - samanslåing av ungdomsskulen (83356) (L)(84266) | 02.10.2018 |
| Høyringsuttale - Odd Birkestrand | 27.09.2018 |
| Høyringsuttale - Svein Fredheim | 04.10.2018 |
| Samanslåing av ungdomsskular- melding om vedtak | 28.09.2018 |
| Samanslåing av ungdomsskular | 19.06.2018 |
| Vurdering rundt skoleskyss ved sammenslåing av ungdomsskuletrinn i Masfj.._ | 04.02.2019 |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Frå hausten 2020 vert ungdomsstega på Nordbygda , Sandnes og Matre- skular slått saman til ein ungdomsskule. Skulestad vert Nordbygda.

Rådmannen vert beden om å arbeida vidare med dialogen med skyss for at skuleskyssen skal verta best mogeleg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

KS - 034/2018 VEDTAK:

Med heimel i handlingsplanen til kommunedelplan for oppvekst og kommunestyrevedtak i sak 14/2018 gjer kommunestyret følgjande vedtak:

Kommunestyret viser til saksutgreiinga der det er skissert 3 moglege løysingar for endring i skulestrukturen

- Nordbygda og Sandnes til ein ungdomsskule
- alle 3 skular til ein felles ungdomsskule
- Brekke / Matre og Nordbygda / Sandnes

og sender med dette saka samla på høyring med høyringsfrist 1.oktober 2018.

Kommunestyret ønskjer særleg høyringssvar på følgjande formulering:

Ungdomssteget på Nordbygda og Sandnes skule vert slått saman til ein ungdomsskule.

Vidare får rådmannen i oppdrag å utgreie samanslåing av ungdomstrinnet på Matre og Brekke til ein ungdomsskule og gjennomføre drøfting med Gulen kommune basert på skriv motteke frå Gulen kommune hausten 2017 i høyringsperioden.

Formannskapet og kommunestyret har ved fleire høve drøfta skulestrukturen i kommunen utan at det har resultert i vedtak om endring av slik ungdomsskulen i Masfjorden er organisert. Rådmannen orienterte kommunestyret om økonomien i ei samanslåing i dialogmøtet 3. mai 2018. I kommunedelplanen sin handlingsdel er det sagt at «dersom foreldre og elevar ved ungdomsskulane ynskjer å slå seg saman, kan det opnast for det i planperioden». Det er ikkje heilt lett å vita kva som ligg i dette vedtaket. Er det slik at elevar og foreldre i alle krinsane må ynskja å slå seg saman, eller er det nok at elevane og foreldra i ein krins vil det? Så langt har elevane og foreldra på Nordbygda skule fremja ynskje om å slå saman ungdomsskular, medan elevane på Sandnes var meir negative til samanslåing i kommunestyremøtet 3. mai i år.

Høyring

Høyring:

Kort oppsummering av uttalar som er komne inn :

Svein Fredheim:

Ser for seg at det vert ein skule på Nordbygda, som ikkje vil vera eit godt alternativ for ytterkantane. Ønskjer fritt skuleval over kommunegrensene, på grunn av reiseveg, og naturlege reisemønster.

Odd Birkestrand:

Dersom begge krinsar er positive til samanslåing, vil det vera alternativet ut frå elevtal framover, med Sandnes som naturleg skulestad ut frå lokalitetar og reisetid for elevane.

Jon Hope:

Ønskjer ikkje samanslåing. Alternativet er å ta i bruk ny teknologi, der lærar fjernunderviser frå ein av skulane, og elevane sit på sine skular og jobbar, men ikkje i alle fag. Med fiber til alle heimar, vil elevane og kunna orientera seg heimanfrå med hjelp av pc.

Kvinge helselag v/Gro Marit Kvinge Tande:

Positiv til felles ungdomsskule for Nordbygda og Sandnes, større fagleg og sosialt miljø. Større klassar vil gje høve til fleire val. Elevane sitt beste må gå føre økonomi. Ønskjer skulen til Sandnes på grunn av inn klima og lokaliteter.

NN:

Ønskjer samanslåing av Nordbygda og Sandnes ungdomstrinna. Ønskjer at ein vel den av skulane som har størst grad av universell utforming, med tanke på bruk av hjelpemidlar. Skulebygget sin tilgjengelegheit er viktig. Ekstra reiseveg ei belastning, når ferje kjem i tillegg.

Foreldrerådet Indre Masfjorden barnehage v/Andreas Solheim Haugsvær:

Negativ til samanslåing av alle tre ungdomsskulane på grunn av reiseveg, flytting av lærarkrefter og for ringing av fagleg miljø, mobbing på bussen etc. Ved ei evt. Samanslåing ønskjer ein Matre- Brekke med skulen på Matre, heller enn saman med Nordbygda – Sandnes.

Masfjorden kulturskule v/Frank Kvinge:

Ønskjer utsetjing av skulestruktursaka til brua er ein realitet. Ser utfordringar ved samanslåing ved at elevar får lengre reiseveg, utfordrande logistikk for kulturskulen og evt. fråfall.

Terje Rasdal:

Nei til samanslåing av ungdomsskulane på Nordbygda og Sandnes så lenge som det er ferje, ser ikkje innsparing økonomisk. Ved ei evt. Bru kan ein vurderer på nytt.

Elevrådet Matre skule v/Tore Haugsvær:

Elevane på Matre ønskjer å vera på Matre skule, pga. lengre reiseveg og at dei har eit godt skulemiljø. Ved ei evt. Samanslåing med Brekke, ønskjer dei å vera på Matre på grunn av idrettsanlegg basseng etc.

Pedagogisk personale Matre skule v/Gunn Haugsdal Asheim:

Sandnes-Nordbygda og Matre 1-10 skule her ser ein fleire fordelar enn ulemper. Større fagmiljø, betre valfagstilbod, heile klassar, økonomisk innsparing er postivt. Lang reiseveg, utrygge arbeidspassar og negativ utvikling i bygdene er nokre av argumenta Skeptisk til å ha ein ungdomsskule i Masfjorden i høve til økonomi, bygningsmasse, skyss etc. Samanslåing av Matre og Brekk ungdomstrinn er positivt, med Matre som lokalitet p.g.a fasilitetar.

FAU-Nordbygda skule v/Katrine Dâe:

Svært positiv til samanslåing Nordbygda og Sandnes ungdomstrinn. Dette vil styrka det faglege og sosiale miljøet for elevane, og at ein evt. kan ha klassar utan å gå på tvers av klasstrinn. Det vil og gje bygdene eit fellesskap på tvers. Samanslåing uavhengig av plassering, men nokon peikar på at Nordbygda vil vera meir gunstig på grunnlag av elevar med spesielle behov.

FAU- Matre skule v/Bente Kvamsdal Håvåg:

Ønskjer å bevare dei oppvekstområda ein har i dag, med tanke på busetjing og distriktspolitikk. Det må gjerast ei grundig økonomisk utgreiing på reelle innsparingar med evt. Samanslåing. Ein ønskjer best moglege skular. Meiner at Sandnes og Nordbygda må få uttala seg i sin situasjon.

Utdanningsforbundet Masfjorden:

Samanslåing av Sandnes og Nordbygda medan Matre vert 1-10skule som før. Positive konsekvensar er større skulemiljø, bra for integrering, større fagleg miljø, lettare å finna vener, fleire valfag. Som negative konsekvensar vert peika på fare for fråflytting, lengre reiseveg for nokre elevar, ønskjer å avventa til brus spørsmålet er avklara, for å slå saman Sandnes og Nordbygda skule. Ringverknader av å mista ein ungdomsskule. Sårbart for den skulen som vert berre barneskule. Uaktuelt med å slå saman alle tre ungdomsskulane, det vert for lang reiseveg. I ei evt. Samanslåing mellom Matre og Brekke vil Matre føretrekkast, på grunn av svømmehall og idrettsbane.

FAU Sandnes skule:

Samanslåing mellom ungdomstrinnet på Sandnes og Nordbygda aktuell først når brua står ferdig, og då med felles ungdomsskule på Sandnes.

Solveig Grimslund og Tore Trodal:

Matre skule slått saman med Nordbygda Sandnes eller Brekke. Lengre skuleveg, mobbing på bussen, dårleg vegnett, farleg skuleveg, skulemiljø, negativt for busetjing, færre arbeidsplassar.

SU Sandnes skule V/Dorte Rømsing:

Skulestruktur saka endrar karakter sett i samanheng med bru. Enklare å bestemma når brusaka er avgjort. Opptatt av kva som vil skje med grendene.

SU Nordbygda skule v/Kari Bøe:

Ønskjer samanslåing av ungdomstrinna, fordi det er for små miljø i dag, fagleg og sosialt, slepp samanslåtte klassar, kan gje større bredde i tilbodet i t.d valfag. Ser utfordringar med lengre reiseveg for nokon. Dei tilsette ønskjer å behalda jobbane sine.

Fagforbundet ved Britt Inger Myhr:

Fagforbundet går inn for alle tre skulane til ein felles ungdomsskule. Dette vil gje betre elev og læringsmiljø, lettare å rekruttere, større bredde i valfag, skilje mellom ungdomsskule og barneskule. Vil gje eit samla ungdomsmiljø. Kan vera ei ulempe med lengre reiseveg for nokre elevar, kan verta ferre arbeidsplassar, men dette kan kompenseras, vedå laga planar og auka kompetansen hjå dei tilsette som evt. Får nye oppgåver.

Fau Sandnes barnehage:

Fau Sandnes barnehage ønskjer ikkje samanslåing av ungdomsskulanepå noverande tidspunkt. Diskusjonen må venta til ein veit meir om bru.

Personalet indre Masfjorden barnehage v/Maja Aven Dahle:

Ved evt. Samanslåing av ungdomsskuletrinna, er ein bekymra for barnetalet i barnehagen, då ein fryktar at det ikkje vera attraktivt å busetja seg i Matre. Ein ønskjer å behalda det gode samarbeidet barnehagen har med elevane frå ungdomsskulen.

Fagforbundet sine medlemar på Matre skule v/Marit Steinstø:

Ønskjer ikkje samanslåinga av ungdomsskulane til ein ungdomsskule. Dersom ein vurderer samanslåing Matre Brekke vil Matre vera godt eigna.

Elevrådet Nordbygda skule v/Adrian Birkeland:

Elevane på Nordbygda skule, ønskjer ikkje samanslåing av ungdomsskulane. Dei er bekymra for reiseveg, mindre tilflytting etc. Dersom ungdomstrinnet vert flytta til Sandnes vil dei vera avhengig av ferja.

Elevrådet Sandnes skule v/Kjell Olav Torsvik Bauge:

Vil ikkje ha samanslåing av ungdomstrinnet, pga. reiseveg for enkeltelevar, alternativ for nokon vil då vera Ostereidet. Ønskjer å ha små klassar, og er redd for å miste lokale tradisjonar. Ved ei evt. Samanslåing vil ein ha Sandnes som skulestad.

Berit Lygre:

Ser fleire føremuner enn ulemper ved å samla ungdomsskulen på nord og sørsida enten på Sandnes eller Nordbygda skule, men ønskjer ei grundigare utgreiing når brusaka er avgjort. Uheldig med langvarig usikkerheit om kva som skjer.

Masfjorden Arbeiderparti v/Torill Torsvik Størksen:

Positiv til at ein vurderer å slå saman ungdomssteget på Sandnes og Nordbygda. Dette på grunn av små klassar, utfordring å få til gode fagmiljø og sosiale miljø. Ein bør sjå vidare på romprogram, reiseveg, framskriving av elevtal, korleis valfag etc. vert styrka, og korleis kan Matre involverast i «fag» ved ei samanslåing av Nordbygda Sandnes. Ønskjer at prosessen Brekke Matre vert driven vidare.

Maria Bertine Sleire Tistel (elev til 2018):

Ønskjer å slå saman ungdomstrinna på Sandnes og Nordbygda skular. Dette for å få eit større og meir inkluderande ungdomsmiljø. Det vil og vera mogleg å få til eit breiare fagmiljø, der ein kan utnytta

kompetansen betre. Betre samhald innafor kommunen.

Masfjorden Venstre v/Egil Kvingedal:

Ønskjer å samle ungdomstrinnet på Nordbygda og Sandnes i fyrste omgang. Pga.Trivsel ,større skulemiljø, større moglegheite fagleg.

Kamilla Haukeland:

Positiv til samanslåing av ungdomstrinna på Nordbygda og Sandnes. Dette vil styrka fagleg og sosialt miljø. Lengre reiseveg for nokon, men alt i alt fleire fordelar enn ulemper.

Uttale

Kort oppsummering av høyringsuttalane :

Eksempel på det som vert uttrykt som positivt :

- Større sosiale miljø for elevane
- Større fagmiljø
- Enklare å rekruttera lærarar
- Meir homogene klassar ut frå klassesetrinn
- Fellesskap på tvers av bygdene i kommunen
- Moglegheit for fleire valfag

Eksempel på det som vert uttrykt som negativt:

- Reisetid og reiseveg
- Mobbing på skulebussen

- Korleis skal det gå med bygdene
- Tilflytting/fråflytting
- Færre arbeidsplassar

| Oppsummering av høyringsuttalane angående samanslåing av ungdomssteget Nordbygda Sandnes skular | |
|--|----|
| Nordbygda Sandnes slått saman til ein ungdomsskule | 10 |
| Ønskjer samanslåing av alle 3 ungdomsstega | 2 |
| Samanslåing ungdomstrinnet Matre Brekke | 2 |
| Utsetja saka om samanslåing Nordbygda Sandnes til brua er avklart | 7 |
| Ikkje samanslåing av Nordbygda Sandnes ungdomsskular | 7 |
| Sum | 28 |

Av 28 høyringssvar så er det 9 svar som kjem frå enkeltpersonar, medan dei øvrige svara kjem frå skulane sine råd og utval, helselag, barnehagetilsette, politiske parti og fagorganisasjonar. Svara kan difor ikkje vektast likt, men gjev eit grunnlag for folk si oppfatning i saka. Alle høyringsvar ligg ved i saka.

I tillegg er det 5 til som i uttale om samanslåing av Nordbygda Sandnes ungdomsskular har gjeve uttrykk for at dei i tillegg ønskjer samanslåing av Matre Brekke ungdomsskular føresett at den vert lokalisert på Matre.

Fakta


Fakta/Vurdering:

Økonomi:

Masfjorden kommune brukar mykje pengar til skule pr. elev.


*Lønsutgifter til grunnskule, skulelokaler og skuleskyss per elev
tal*

| | Hordaland | Masfjorden | Kostragr 6 |
|------|-----------|------------|------------|
| 2008 | 62 736 | 103 289 | 88 089 |
| 2009 | 68 848 | 109 662 | 96 309 |
| 2010 | 72 062 | 121 164 | 103 105 |
| 2011 | 75 392 | 131 281 | 107 501 |
| 2012 | 78 844 | 147 387 | 115 584 |
| 2013 | 81 429 | 152 739 | 119 261 |
| 2014 | 84 618 | 161 973 | 124 951 |
| 2015 | 87 598 | 176 783 | 129 769 |
| 2016 | 90 653 | 176 396 | 134 056 |




Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskule per elev

| | Hordaland | Masfjorden | Kostragr 6 |
|------|-----------|------------|------------|
| 2008 | 66 160 | 107 215 | 89 870 |
| 2009 | 71 599 | 112 655 | 96 991 |
| 2010 | 74 450 | 122 212 | 103 169 |
| 2011 | 77 636 | 133 851 | 108 172 |
| 2012 | 80 999 | 150 316 | 116 280 |
| 2013 | 84 248 | 155 941 | 119 525 |
| 2014 | 86 511 | 161 798 | 124 411 |
| 2015 | 89 372 | 167 252 | 129 691 |
| 2016 | 91 913 | 164 057 | 134 186 |



Tal henta frå KOSTRA syner at Masfjorden kommune brukar mykje pengar pr. elev samanlikna med Hordaland og kommunegruppe 3 i Hordaland. I 2016 brukte Masfjorden kr.164 057 pr. elev medan Hordaland brukte kr.91913 pr. elev. Dette har samanheng med at Masfjorden har små klassar med høg lærartettleik. Ser vi under på grunnskulepoeng ser vi at vi skårar høgt. Vi har dyktige lærarar som kan ivareta større grupper elevar på ein god måte, utan at det treng å gå på bekostning av kvalitet/resultat. Ved å ha større elevgrupper i ungdomsskulen, vil ein truleg få ein sosial gevinst, der fleire elevar har moglegheit til å finna venner og ha gode relasjonar.

Grunnskulepoeng:



Vurdering

Pedagogisk grunngjeving:

Masfjorden kommune har ein god skule som kostar mykje.

Ein har små klassar der kvar elev har stor plass. Ved å slå saman ungdomstrinn vil ein oppnå større sosialt miljø, der det vil vera lettare å finna sosialt fellesskap, og jevnaldrande med felles interesser. På denne måten vil elevane vera betre rusta for vidaregåande skular som har mange elevar og større miljø. Ved samla ungdomstrinn med fleire elevar vil ein kunna utnytta lærarkompetansen betre. Ein vil ha moglegheit for å setja inn lærarar med spisskompetanse i viktige fag. Ein vil få eit større fagmiljø som vil vera ein styrke for lærarane. Gjennomføring av eksamen vil vera enklare når ein har færre skular, og rekruttering av sensorar kan og verta enklare. Når det gjeld valfag, vil ein kunna tilby større valgmoglegheit innafor språk etc.

Bygningsmessig grunngeving:

Nordbygda skule har alt på ein etasje bortsett frå garderobane til gymsalen. Der er nærleik til barnehagen, lege etc. Nordbygda skule har eit areal på om lag 3000m².

Godt uteområde med lite høgdeforskjel, uteareal som kan nyttast til eventuelle endringar av bygningane. Her er eige område for av og påstigning av buss som er skjerma frå hovudvegen. Heile skuleområdet ligg vekke frå hovudvegen. Det er om lag 7,5 km og ein kort fergetur mellom Sandnes og Nordbygda skule. Nordbygda skule er geografisk plassert i midten dersom ein på sikt skal sjå på at ungdomsskuleelevane frå Matre og kan sjåast i samanheng. Nordbygda er den skulen med flest elevar, og dermed færre som må skyssast. Den er nærare basseng og idrettsanlegg på Matre.

Sandnes skule har heis, men romma er fordelt på fleire etasjer. Arealet er på om lag 2850m². Tilkomst med skulebuss skjer i hovedvegen, noko som kan ver ein risiko og som kan medføre uheldige situasjonar sikkerheitsmessig. Den opprinnelege bygningen er frå 1970-talet og tilbygget er frå 2000. Godt uteområde, men med stor høgdeforskjel med tanke på universell utforming. Avstanden til barnehagen er større enn på Nordbygda.

Ved å flytta ungdomsskuleelevane til ein eller to skular, vil ein kunna frigjera areal i skulebygningen som ikkje treng å vera inne i plan for skulereinhel, oppvarming etc. Noko som vil gje rimelegare drift av bygga.

Skyss:

I Skuleskyssreglementet heiter det at gangtid, ventetid og reisetid skal sjåast i samanheng med elevane sin alder. For 8.- 10. klasse seier skyss at elevar i denne gruppa skal kunne ha reise/ventetid på 75 min.pr. veg og dei skal kunna handtere eit eller fleire byte av transportmiddel til og frå skulen. Det vert i lag med Skyss jobba med å få til gode skyssordningar for elevane ved ei eventuell samanslåing av ungdomstrinnet. Dei kjem med ein uttale, som vert lagt ved saka.

Fordelane med å samla ungdomstrinnet på Nordbygda skule vil samle sett vera større enn fordelane ved å behalda noverande struktur.

Økonomi, nye moment i saka om samanslåing av ungdomstrinnet på skulane Nordbygda, Sandnes og Matre:

Moglege innsparingar ved å samla ungdomstrinnet på Nordbygda skule:

Lærarressurs knytt til ungdomssteget på Sandnes 2019 : 222%

Lærarressurs knytt til ungdomssteget på Matre 2019 : 391%

Lærarressurs knytt til ungdomssteget på Nordbygda 2019 : 404%

Tilsaman 1017 % lærarstilling (2019/20) spesialundervisning ikkje medrekna. Elevtalet pr. dato vil vera 57 elevar i 2019/20, 60 elevar i 2020/21 og 63 elevar i 2021/22.

Eit samla ungdomssteget på Nordbygda vil etter elevtal 2019/20 ha trong for 70 % stilling i tillegg til dei 404% som dei allereie har. Dette vil gje moglegheit for å gje tilbod om eit ekstra valfag og den delinga det vil vera trong for. Dette utgjer om lag 475% stilling. Innsparinga på reine lærarstillingar vil då vera om lag 5,4 stillingar. Dette vil kunna gje ei innsparing på i overkant av **4,2 mill.kr.** Med utgangspunkt løn 790.000.-(inkl.)

Ut frå alders samansetninga av lærarar i Masfjorden kommune, vil det truleg ikkje vera trong for oppseiingar, men ein vil kunna ,basera seg på naturleg avgang.

Ved å samla ungdomsskuleelevane frå Nordbygda og Sandnes vil ein ha behov for same lærarressurs som om ein slår saman alle tre. Ein vil difor få ei lågare innsparing. Innsparinga på lærarstillingar vil vera 1,5 lærarstilling som utgjer om lag **1,2 mill.kr.** .At dette talet vert relativt lågt skuldast til dels at ein inneværande år har eit lågt tal lærarstillingar knytt til 8.-10 trinn. Dette skuldast elevsamansetninga på ungdomssteget. Ressursbehovet på Sandnes ungdomstrinn vil vera omtrent som i dag dei neste 3 åra. Lærarbehovet er difor relativt stabilt. Tala er difor relevant for 2020-21 skuleåret.

Ved å slå saman ungdomstrinnet på to eller tre skular vil ein og kunne oppnå innsparingar i høve til leiingsressurs, rådgjevar, merkantil, antal lærarar med kontaktlærartillegg etc. Ein vil kunna styrka tilbodet når det gjeld valfag og framandspråk.

Nordbygda, Sandnes og Matre ungdomstrinn vil utgjera om lag 60 elevar, det vil sei ein klasse på kvart trinn. Pedagogisk sett vil dette vera ideelle elevgrupper, når det gjeld pedagogiske arbeidsformer og ressursutnytting. Sosialt sett vil ein kunna byggja eit fellesskap omkring ungdommen i kommunen på ein naturleg måte. Ei større gruppe vil gjera det lettare å finne vener på same alderstrinn. Det er viktig at elevane opplever eit trygt og godt læringsmiljø, der den enkelte kan utvikla seg.

Matre – Brekke:

Oppvekstleiar i Masfjorden har teke initiativ til samtalar med Gulen kommune med tanke på eit evt. samarbeid omkring ungdomsskulen på Matre og i Brekke. For å sjå på dei moglegheitene som ligg i eit evt. Samarbeid. Gulen kommune har ikkje kome så langt i prosessen som Masfjorden. Det som i samtale mellom kommunane er klart er at ved ei samanslåing av Matre Brekke vil ein samal sett kunna kalkulere med ei innsparing på om lag 1,5 mill. Dette kan ein igjen dela på dei to kommunane som innsparing på lærarløn på om lag 750.000 for kvar kommune. Det som evt. vidare må avklarast er lokalisering, skyssbelastning, avstandar og reisetid, fasiliteter/infrastruktur. Gevinsten vil vera på lærarlønn den skisserte summen, samt at ein vil kunna få ein pedagogisk/sosial gevinst.

Ein har sett på tre alternativ for samanslåing av ungdomstrinn i Masfjorden:

Sandnes og Nordbygda slått saman til eit ungdomstrinn lokalisert på Nordbygda

Matre Brekke slått saman til eit ungdomstrinn. Lokalisering og infrastruktur er ikkje avklara, men ein kan halde fram med dialog med Gulen kommune.

Sandnes-, Nordbygda og Matre ungdomstrinn til eine skule lokalisert på Nordbygda.

Ein har for alle alternativa vore i dialog med Skyss, dette arbeidet må vidareførast for å få til eit teneleg tilbod.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering tilrår ein at det frå hausten 2020 vert ungdomsstega på Nordbygda , Sandnes og Matre- skular samla til ein ungdomsskule. Skulestad vert Nordbygda. Det vert arbeid med nærare avklaringa med skyss kring skuleskyssen vert best mogleg.

Formannskapet - 009/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) bad om at følgjande vart protokollert:

1. Det manglar kostnadsoverslag på skysskostander:
 - Det blir ein ekstra buss for å køyre elevane frå Indrefjorden til Hosteland.
 - Dei elevane med lenst reiseveg har dei krav på drosje for å komme innafor akseptabel reisetid?
 - Dei elevane som har kortare reiseveg til anna skule i ein nabokommune, får dei søke seg inn der? Kven tek kostnadane for skyss og hospitering?
 - Det er ikkje kostnadsrekna kva som skjer dersom det kjem elevar med spesielle utfordringar, til dømes ved ein lang reiseveg, der det kan vere andre krav til kva som er forsvarleg skuleskyss. Ved eit vedtak om særskilt skuleskyss vil kostnadane auke proporsjonalt med reisevegen.
2. Feil i saksframlegget om reisetid. Der står det at akseptabel reisetid er 75 minutt. Dette er ikkje dokumentert. Det bør i den vidare handsaminga komme klårt fram kvar ein har funne paragrafar og reglement ein viser til, og helst ha med den aktuelle tekstdelen frå dokumentet.

Skoleskyss - Handbok for grunnskolar pkt.9.3:

- 9.3 Forsvarlege reisetid
Skoleskyssreglementet (Kjelde: Merknader frå Ot prp nr. 46 1997/1998 til § 7-1)

Skoleskyssen skal organiserast slik at elevane får ei forsvarleg reisetid. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg blir eleven sin alder vektlagt.

Kommentar I handsaminga av søknad blir det lagt vekt på desse momenta:

- kvar eleven må vente (på skolen, ute, i venterom)
- rasjonell organisering av skyssen
- kor stor del av reisetida som er på transportmiddel

Det står ingenting om at akseptabel reisetid er 75 minutt. I rundskriv N-4/85 står det oppgitt at akseptabel tid underveis for 7-9 klasse er inntil 75 minutt. Dette rundskrivet gjeld ikkje lenger. Jfr. Retten til skyss-Udir- 3- 2009. I brevet frå Skyss om er vedlagt saksframlegget står det ikkje som i saksframlegget; «elevar i denne gruppa skal kunne ha reise/ventetid på 75 min.pr. veg» Dei skriv: «Reisetid for elevene vil være på omkring 1 time og 15 minuttar hver vei (fra Haukeland).» Det er heller ikkje teke med i saksframlegget at Skyss ikkje vil anbefale å sende elevar frå Matre skule til Nordbygda skule. Det er ikkje oppgitt i regelverket kva som er akseptabel reisetid for elevar i grunnskulen. I skulebruksplanen for vidaregåande opplæring, pkt. 5.3, står det: Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bustaden til skulen. I søkjarhåndboka som 10.klasse får utdelt i forbindelse med søknaden til vidaregåande skule, står det: Med urimeleg lang reiseveg tek ein utgangspunkt i ein time kvar veg . Dette gjev ein peikepinn på kva som kan vere akseptabelt for ungdomstrinnet.

3. Dagens skulerute (rute 372) Brukar om ettermiddagen 22 minutt frå Matre skule til Haukeland. Frå Matre skule til Duesundøy tek ruta 67 minutt, tilsaman 87 minutt. I tillegg blir det på denne ruta ikkje gått på/av elevar på strekninga Eikemo – Duesund. Når elevane på denne strekninga også skal vere med same buss vil reisetida auke mykje. Dersom bussen også skal ned til Duesund kai for å plukke opp elevar frå Sandnes blir reisetida ekstremt lang.

Skyss har sendt ein uttale som kun omhandlar skyss av elevar til Hosteland. Dersom dette er eit bestillingsverk, bryt det med kva som må utgreiast før ein eventuelt vel lokalisering.

4. I saksframlegget er det i høve innsparing i lærarlønn ikkje teke med utslag ved den nye normen for lærartettleik. Det er oppgitt eit elevtal på 63 i skuleåret 21/22, det vil seie at det er minst ein klasse med over 20 elevar og som dermed skal ha 2 lærarar Jfr. Opplæringslova §14A-1
5. Det er ikkje teke med noko om konsekvensar for kommunen når det gjeld tilflytting/fråflytting med færre arbeidsplassar i skulen
6. Saksframlegget gjeld kun lokalisering av ungdomstrinnet på Nordbygda. Er ikkje oppgitt noko om kostnader/innsparing ved lokalisering på Matre eller Sandnes.
7. Når elevrådet frå alle tre skulane seier klart nei til samanslåing og FAU ved to av skulane er like klart i mot, er det ikkje teke hensyn til høyringssvara i det heile.

Formannskapet sette samla fram forslag om å utsette saka til neste formannskapsmøte. Framlegg om å utsette saka vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vert utsett.

Formannskapet - 018/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Prosessen med å slå saman ungdomstrinnet ved Sandnes og Nordbygda skular vert å starte så snart vedtak om bru over Masfjorden er gjort.
- Lokalisering må vurderast etter blant anna det som er best egna i høve økonomiske og pedagogiske fortrinn.
- Oppstart av det samanslåtte ungdomstrinnet vert tidlegast første skuleår etter at Masfjordbrua er opna.
- Prosessen med samanslåing av ungdomstrinnet på Matre/ Brekke må jobbast fram parallelt med Sandnes/ Nordbygda samanslåinga.
- Fram til samanslåing av ungdomstrinna er klart, må skulesamarbeidet i kommunen kring valfag og språkfag vidareutviklast til det beste for elevane, i høve valalternativ.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Formannskapet går ikkje inn for å slå saman dei tre ungdomsskulane i Masfjorden. Matre held fram som 10-årig skule. Ei eventuell samanslåing av ungdomsskulane i Nordbygda og på Sandnes kjem opp som eiga sak når det er avklara om det vert bru.

Røysting:

KrF trekk sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg vert ikkje oppretthaldt og det vert berre røysta over Ap sitt framlegg.

Framlegg til vedtak frå Ap vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

- Prosessen med å slå saman ungdomstrinnet ved Sandnes og Nordbygda skular vert å starte så snart vedtak om bru over Masfjorden er gjort.
- Lokalisering må vurderast etter blant anna det som er best egna i høve økonomiske og pedagogiske fortrinn.
- Oppstart av det samanslåtte ungdomstrinnet vert tidlegast første skuleår etter at Masfjordbrua er opna.
- Prosessen med samanslåing av ungdomstrinnet på Matre/ Brekke må jobbast fram parallelt med Sandnes/ Nordbygda samanslåinga.
- Fram til samanslåing av ungdomstrinna er klart, må skulesamarbeidet i kommunen kring valfag og språkfag vidareutviklast til det beste for elevane, i høve valalternativ.

Kommunestyret - 015/2019

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sette fram følgjande endring til kulepunkt fire:

Prosesen med samanslåing av ungdomstrinnet på Matre / Brekke må jobbast fram parallelt med

Sandnes / Nordbygda samanslåinga. Dette forutset at veggen mellom Instefjord og Brekke vert rassikra / utbetra.

Arthur Sjursen (Ap) sette fram følgjande endring til kulepunkt fire:

Prosesen med samanslåing av ungdomstrinnet på Matre / Brekke skular forutset at stadvalget vert Matre.

Frode Langhelle (H) opprettheld formannskapet sitt vedtak med endringa frå FrP inkludert

Røysting:

Det vart først røysta over kulepunkt 1, 2 og 3 kvar for seg.

kulepunkt 1 vart samrøystes vedteke

kulepunkt 2 vart samrøystes vedteke

kulepunkt 3 vart samrøystes vedteke

Det vart så røysta over Ap sitt forlag til kulepunkt 4. Framlegg frå Ap fekk 7 røyster (Ap, Sp og Jon Hope (KrF)) og fall.

Ein røysta så over Formannskapet sitt forlag til vedtak med endringa frå FrP inkludert for kulepunkt 4.

kulepunkt 4 med endringa frå FrP vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over kulepunkt 5.

kulepunkt 5 vart samrøystes vedteke.

Ein røysta til slutt over heile framlegget med endringa frå FrP inkludert samla. Framlegg til vedtak frå formannskape med endring i kulepunkt 4 frå FrP vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

- Prosesen med å slå saman ungdomstrinnet ved Sandnes og Nordbygda skular vert å starte så snart vedtak om bru over Masfjorden er gjort.
- Lokalisering må vurderast etter blant anna det som er best egna i høve økonomiske og pedagogiske fortrinn.
- Oppstart av det samanslåtte ungdomstrinnet vert tidlegast første skuleår etter at Masfjordbrua er opna.
- Prosesen med samanslåing av ungdomstrinnet på Matre/ Brekke må jobbast fram parallelt med Sandnes/ Nordbygda samanslåinga. Dette forutset at veggen mellom Instefjord og Brekke vert rassikra / utbetra.
- Fram til samanslåing av ungdomstrinna er klart, må skulesamarbeidet i kommunen kring valfag og språkfag vidareutviklast til det beste for elevane, i høve valalternativ.